

Trampeklapp for Aleksander

09.06.2011



Aleksander med vel fortent rose i garderoben etterpå

Uskedalens songtalent Aleksander Rebaudo (17) har igjen vist kva som bur i han.  
Under den eineståande mёнstringa av 160 danse- og songelevar frå kulturskulen i Husnes Kulturhus i kveld song han solo og vart belønna med trampeklapp undervegs.  
Haven't met you yet sat som eit skot.

Det gjorde også heile programmet Hjerteknuser som Maria Malmsten og Siri Petersen hadde komponert og instruert.



160 unge utøvarar på ei scene til slutt. Kulturskulerektor Rolf Lothe (med ryggen til) er igang med blomedrysset.

Marias kvalifikasjoner kjenner vi og Siri må ha gjort ein kjempejobb sidan ho kom til kulturskulen i fjor haust. Begge var også sjølve med i framsyninga på ymse vis, mellom anna med ein spenstig huldredans. Spennvida var stor mellom dei 25 programpostane - det var til dømes både afrodans og norske songar som Danse mi vise og Vi skal ikkje sova bort sumarnatta, begge framført av Marias flinke songgruppe der både Aleksander og Birte Nybakk frå Uskedalen inngikk.

Men dansen til musikk frå filmar var i høgsetet gjennom dei 2 timane framsyninga vara og det gjorde faktisk ikkje programmet monotont fordi koreografen hadde satsa på så stor variasjoni uttrykket.

Alle filmane har vore vist eller er like rundt hjørnet og det har vore Siri sitt ynskje å markera digitaliseringen av kinoane,

Salen på Husnes har plass til 470 og så godt som alle seter var opptekne i kveld. Alle som kom hadde ei stor oppleving og alle vart imponerte over kva kommunen rår over av kulturelle ressursar i nær sagt alle aldrar berre dei blir lokka fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Til og med afrodans var på programmet